



# Bollebaking som overgangsrite, protest og idyll i *Snøfall*

## The craft of baking buns as rite of passage, protest and idyll in *Snøfall*

Ragnhild Rieber-Mohn

Høgskulektor i norsk litteratur ved Høgskulen på Vestlandet

[ragrm@hvl.no](mailto:ragrm@hvl.no)

### Samandrag

Artikkelen er ei utforskning av bollemotivet i fantasyserien *Snøfall*, der innføringa i bakehandverket blir tolka som ein overgangsrite for hovudpersonen, Selma. Bollemotivet har også andre funksjonar i forteljinga, då bollar blir brukt som politisk verktøy av sentrale karakterar for å uttrykkje både forbod og protest. Dei to tolkingane, bollebaking som overgangsrite og politisk verktøy, blir vidare sett i samanheng med mytiske førestillingar om syklist og lineær tid og kopla til ei lesing av konflikten i *Snøfall* som ein kamp mellom feminine og maskuline krefter. Eg foreslår at bollar som barnelitterært motiv kan seiast å bere i seg ei tilknyting til ei bestemt tid og ein bestemt stad, og bollemotivet blir avslutningsvis lese i lys av Bakhtin sin idyllkronotop.

### Nøkkelord

Mat, bollar, urmor, overgangsrite, terskel, liminalitet, idyll

### Abstract

The article explores the motif of home-baked buns in the Norwegian YA fantasy story titled *Snøfall*. Through a mythical reading of significant meals and the function of food, the craft of baking buns is interpreted as a rite of passage for the main character, Selma. The same motif works as a political tool for different characters, to express respectively ban and protest. The interpretations of buns as rite of passage and political tool are read against a larger backdrop of circular vs linear conceptions of time, femininity and masculinity. In conclusion I suggest that a certain time and place is intrinsic to the motif of buns in children's and YA literature. This finding is compared to Bakhtin's notion of idyll in the idyllic chronotope.

### Keywords

Food, buns, Progenitrix, rite of passage, threshold, liminality, idyll

Verdas beste feirebollar, trøystebollar, frukostbollar, ventebollar, kroningsbollar og vennskapsbollar – alt dette bakar Hjerterud i høgtlesingsboka *Snøfall* (Hagerup et al., 2019). Ho er ikkje åleine om å bake, for mengda av bollar i barnelitteraturen er på-

fallande. Likevel har ikkje bollemotivet blitt vigd mykje merksemd i barnelitteraturforskinga. Siktemålet med artikkelen er å utforske bollemotivet gjennom ein analyse av korleis det kjem til uttrykk i podkastversjonen av fantasyforteljinga *Snøfall*, først skapt

av forfattartrioen Hanne, Hilde og Klaus Hagerup som manus til tv-serien med same namn. Både i tv-serien og podkasten utgjer bollemotivet eit handlingsrikt element og ein raud tråd. Det er ikkje berre ein viktig del av miljøet i byen Snøfall og den ytre handlinga med spenningsoppbygging og konflikt, men også heilt sentralt i den indre reisa til hovudpersonen, Selma.

*Snøfall* er ei forteljing i fleire medium, supplert med julehefte, aktivitetsbok og brettspel. Slik er forteljinga del av «et populærkulturelt kretsløp som er typisk for dagens barnekultur» (Tønnessen, 2018, s. 174). Tv-serien fekk rekordhøge sjåartal då han blei vist som NRK Super sin julekalender første gong i 2016 (Waagbø), og vann prisane for beste barne- og ungdomsprogram, beste lydproduksjon (Renate Bakke og Magnus Torkildsen) og beste originalmusikk (Henrik Skram) under «Gullruten» året etter. Sidan den gong har julekalenderen blitt vist både på DR i Danmark, SVT Play i Sverige og på YLE i Finland. I Noreg var *Snøfall* tilbake på tv-skjermene i 2019, og i 2020 kom serien som podkast på NRK Radio (Hafstad). Det har også blitt laga teaterstykke av *Snøfall*-universet, med urpremiere på Oslo Nye Teater i 2018. I tillegg til å ha skrive manuset til tv-serien og teksten til dei fleste songane som er med i serien, saman med faren Klaus Hagerup, har Hanne og Hilde Hagerup adaptert manuset til teaterscenen. Vidare har Hilde Hagerup adaptert manuset til podkastmediet. Dei to søstrene har også skrive høgtlesingsboka *Snøfall* (2019), utgitt som lydbok i 2020. Synne Teksum har vore med på laget som regissør til både tv-serien og teaterstykket. Ho har dessutan skrive teksten til songen «Selmas sang» som avsluttar kvar episode i tv-serien og podkasten.

Historia handlar om foreldrelause Selma som har eit sterkt ønske om å finne ein ekte familie, i det minste ein ikkje altfor fjern slektning. Ho bur i ei leilegheit i Haukebakken saman med Ruth og hunden Casper. I blokka bur også klassekameraten hen-

nar, Håkon, og far hans, Kjell. Via ein magisk portal i ei bokhylle i eit antikvariat legg Selma ut på ei reise til byen Snøfall. Der møter ho mellom andre bestefar sin, Julius, som også er julenissen, Hjerterud, som driv bakeriet i byen, nisseborna Pil og Frida, og Winter, den strenge og veldig ryddige sekretæren til Julius. Naturen i Snøfall er annleis enn i Verden Utenfor (VU), namnet innbyggjarane der har gitt verda Selma kjem frå. Her finn vi ein eviggrøn hage, Sovetåke, Mørke og mytiske skapnader som Orakelet og figuren Trixter. Utanfor Snøfall ligg vidda, eit aude og iskaldt område Selma må forsere på veg frå VU. I tillegg til å takle farlege situasjoner, finne ut kor ho kjem frå og kor ho høyrer til, lærer Selma å bake bollar, før ho til slutt reiser heim. Eg vil vise korleis bollane på eit mytisk nivå fungerer som ein overgangsrite for Selma, og vidare korleis karakteren Hjerterud sine heimebaka bollar kan seiast å bere i seg ein bakhtinsk idyll med syklist tid, nærliek til naturen og einskap mellom generasjonar som ingrediensar (Bakhtin, 2006, s. 144).

## Podkast som adaptasjon og medium

Eg har valt å ta utgangspunkt i podkastversjonen av *Snøfall* (Hafstad, 2020) som er ein adaptasjon av tv-serien. Adaptasjoner har ofte blitt oppfatta som noko mindreverdig samanlikna med «originalen» (Hutcheon & O'Flynn, 2013, s. 2), ei oppfatning som på det barnelitterære feltet kanskje i særleg grad rammar remedieringar der billete blir erstatta med ord (Clark, 2003, s. 1). Sjølv om kvar versjon bør betraktast som sjølvstendig, er det relevant å reflektere over korleis reisa mellom medium pregar både forteljemåten og mottakarrolla (Hutcheon & O'Flynn, 2013, s. 7–9). Å fortelje ei historie som podkast og tv-serie inneber ulike former for medietilpassing. Å lytte og sjå inneber ulik grad av samhandling mellom mottakar og historie. Hutcheon og O'Flynn skil mellom «showing» og «telling» og kny-

ter både tv og lydmediet til førstnemnde kategori (s. 13). Ein adaptasjon frå tv-serie til podkast inneber altså ikkje eit skifte i modus, men nokre endringar er likevel nødvendige ut frå dei to media sine affordansar, og fleire er moglege.

Både historia og mykje av lydbiletet frå tv-serien er vidareført i ein komprimert versjon i podkasten. Episodane er kortare og innehold færre sceneskifte. I tillegg er det skrive inn ei vaksen forteljarstemme som kommenterer handlinga og presenterer karakterar og miljø for lyttaren. Medan forteljarstemma kan bidra til å lukke tolkingsrom i teksten (jf. Clark, 2003, s. 5), fører komprimeringa til ei fortetting i møte mellom karakterane. Den prislønte musikken og stemmene til karakterane er felles for begge versjonane. Dei lydlege kvalitetane til podkasten vil såleis både vere attkjennelege for etablerte fans og kunne begeistre nye lyttarar. Sjølv om lyd er ein modalitet også i tv-versjonen av *Snøfall*, får lydspråket ei større rolle i framstillinga når bileta blir tatt vekk. Det same gjeld verbal-språket. Meir av meiningsproduksjonen kviljer på orda når framstillinga er utan bilete.

Forteljinga tematiserer rytme på fleire måtar, både gjennom den episodiske strukturen, innhaldet og bruken av lydelement som hjarteslag og song. Den rytmiske dimensjonen blir framheva gjennom podkast-mediet sin lydlege karakter. Samtidig vil eg hevde at bollemotivet trer spesielt tydeleg fram som meir enn ein detalj i miljøskildringa i podkastversjonen. Bollar blir nemnt svært ofte, og motivet får såleis stor verdi i framstillinga, i form av det vi med eit lånt omgrep frå biletkunstverda og biletbokanalysen kan kalte eit verbalt og auditivt verdiperspektiv. Den stadige gjentakinga bidrar til å peike på bollane som ein sentral del av forteljinga. Samtidig vekkjer det allstadnær-verande bollemotivet undring hos tilhøyra-rane og gir det ein symbolkarakter som kan oppfattast som tydelegare i podkasten enn i tv-serien. Ei samanlikning av presentasjonen av episode 16 i podkasten og tv-serien understrekar dette. I podkasten har episoden

fått tittelen «Bolleforbudet», og omtalen fortel at «Winter bestemmer at det er forbudt å spise boller». Sjølv om den same handlinga finn stad i tv-serien, får ikkje bolleforboden tilsvarande plass i denne episodeomtalen. Episodane i tv-serien har dessutan ikkje eigne titlar.

Clark (2003, s. 5) er opptatt av lyd som kommunikasjonsform og peikar på lydelementa som medskaparar av meinung og stemning. I ein analyse av lydbokadaptasjonaar av biletbøker identifiserer ho tre hovedtypar av lyd som eg vil ta med meg inn i analysen av aktuelle scener frå podkasten: talespråk, lydeffektar og musikk. Talespråks-kategorien omfattar både stemmekvalitet og ord, lydeffektane er alle nonverbale lydar, inkludert stille. Musikk vil bli kommentert både som ord i form av songtekst og som stemningsskapar (jf. Clark, 2003, s. 7). Å ta podkastteksten på alvor inneber å ta om-syn til både lyd og ord som meiningskapande element og vere lydhøyr for den heil-skapen dei utgjer. Då denne artikkelen først og fremst dreier seg om bollemotivet, er analysen av lydelementa avgrensa til relevante scener og stader for dette motivet. Alle utdrag er henta frå podkastversjonen og transkriberte av meg. Når eg skriv *Snøfall* i det følgjande, er det denne utgåva eg refererer til.

## Overgangsritar

I *From Mythic to Linear: Time in Children's Literature* (2000, s. 1, 11) tar Nikolajeva utgangspunkt i at ein kan lese all vestleg barnelitteratur som symbolske framstillingar av overgangs- eller initiasjonsritar. Dette kjem ofte ekstra tydeleg til uttrykk i fantastisk litteratur som inneholder ein forteljestruktur der helten reiser ut, blir sett på prøve og får ny kunnskap om seg sjølv og verda, såkalla portal- og oppdragsfantasy (Guanio-Uluru, 2018, s. 113, 119). *Snøfall* høyrer til i denne kategorien. Eg skal undersøkje Selma si reise ut frå den franske religionshistorikaren, folkloristen og etnografen Arnold van Gennep sin modell for overgangsritar. Arbeidet hans vart

først publisert i *Les Rites de passage* i 1909 og aktualisert av sosialantropologen Victor Turner med artikkelen «Betwixt and Between: The Liminal Period in Rites of Passage» i 1964. Modellen til van Gennep skildrar rituala sin indre struktur, og er ikkje bunden til ein bestemt kulturell eller historisk kontekst. Han har dermed brei overføringsverdi, også som verktøy i litterær analyse. I Turner si attgjeving av van Gennep blir overgangsritar definerte slik: «riter som ledsager et-hvert skifte av sted, tilstand, sosial posisjon eller alder» (1999, s. 131). Initiasjonsritar som markerer overgang frå barndom til ungdom, er såleis eit eksempel på overgangsritar. Van Gennep deler overgangen i tre fasar, kvar med sine rituelle handlingar: åtskiljing, terskelfase (også kalla liminalfase) og integrasjon (1999, s. 26). Det er i terskelfasen sjølve endringa av status skjer. For å illustrere modellen samanliknar van Gennep samfunnet med eit hus, der ein bevegar seg frå rom til rom (s. 34). Vi kan trekke ein parallel mellom dette billetet og barneromanens klassiske heime-ute-heime-struktur, her i form av Selma si reise frå VU til Snøfall og tilbake igjen. Når ho går inn i portalen i bokhylla i antikvariatet, står ho på terskelen til ei anna verd. Ho kjem ut på vidda, framstilt som eit ingenmannsland, understreka gjennom lyden av sterk vind: «Selma går over den store, hvite vidda. Hun er sliten og kald og vet fakisk ikke om det er dag eller kveld, morgen eller formiddag» (ep. 5, 0:09–0:21).

Det er verdt å leggje merke til korleis tid og stad kjem i fokus på ein negativ måte i skildringa av Selma si famlanding vandring gjennom snøen. Ho veit ikkje kor ho er, mistar fotfestet og fell «ut av tida». Strevet hennar blir også formidla gjennom lyden av anstrengd pust og kroppen som dett tungt når ho til slutt ikkje orkar meir (06:08–06:27). Turner (1999) hevdar at initiasjonsritar har særleg markerte og lange liminalfasar. Denne fasen er prega av ei særeiga openheit eller dobbelheit, i det at ein i liminaltilstanden er «*hverken* det ene *eller* det andre, og samtidig *begge deler*», for eksempel ver-

ken levande eller død, men samtidig både levande og død. Følgjeleg er også symbolikken kompleks og paradoksal. Ein finn gjerne symbol frå både «dødens, forråtnelsens og oppløsningens biologi, og fra andre fysiske prosesser med en negativ valør» og symbol knytt til «svangerskap, nedkomst og amming» ved sida av kvarandre (s. 132–136). Eg vil komme tilbake til fleire eksempel på korleis reisa til Selma kan lesast i lys av liminalfasen sine symbol.

## Bollar og annan mat i barnelitteraturen

I forskinga på mat som barnelitterært motiv finn vi både ei forståing av mat som symbol og som markør for identitet, kultur eller sosiale forhold (Keeling & Pollard, 2020; Johannessen & Nordahl, 2020). Ifølgje Nikolajeva (2000, s. 15) bør ein gå til mytane for å forstå kva rolle mat speler i barnelitteraturen. Når barnelitterære morskarakterar blir møtte med forventningar om å lage mat, kan dette sporast tilbake til den mytiske figuren Progenitrix, ein inkarnasjon av Moder Jord, opphavet til både menneske og grøde og derfor ei kjelde til liv. Blackford (2009, s. 41–42) hevdar at det er ei symbolsk kopling mellom kvinneleg seksualitet, utvikling og mat, og trekkjer ei linje frå myten om fruktbarheitsgudinna Persefone til litteratur frå vår tid. Ho rettar merksenda mot «girl's coming of age literature» og peikar på ei dobbelheit i forventninga om at jentekarakterane skal tre inn i fellesskapen av matlagande kvinner, då matlaging både representerer sjølvkontroll, gjennom å undertrykke eigne behov, og sjølvutvikling, gjennom mat som estetisk uttrykksform. Keeling & Pollard (2020, s. 6) knyter også mat til identitetsskaping, og legg vekt på at det å undersøke matmotivet i ein sosiokulturell kontekst er ein nøkkel til å forstå barnekarakterane sitt handlingsrom, eller «agency», utan å avgrense betraktinga til kvinne- eller jentekarakterar.

I masteroppgåva mi granska eg mat som

sosial markør i fire nyare skandinaviske barneromanar, og eg kom mellom anna fram til at kvinnelege karakterar med forsørgjarsvar i særleg grad vart forventa å lage mat, og at denne maten skulle vere heimelaga. Bollar såg ut til å tyde «god omsorgsevne, kos og løn», men motivet vart også nytta til å peike på feil og manglar, t.d. kjøpebollar i staden for heimebaka, og mangel på bollar som uttrykk for mangel på mor (Rieber-Mohn, 2018, s. 95). Som nemnt opptrer bollemotivet i mange og mangfaldige fiksjonstekstar for barn og unge, og ei mytisk lesing av dette motivet vil kunne bidra til å forklare noko av bollane sin appell.

### Bollemotivet i *Snøfall* – meir enn berre bollar

Første gong bollar og bollebaking blir nemnt i podkasten *Snøfall*, er i andre episode. Vi høyrer lyden av ein hane som gjel og smeden som arbeider, samtidig som Hjerterud ropar «– Varme boller!». Forteljarstemma kommenterer både at det er morgen og kva som skjer, slik at lyttaren får presentert innhaldet gjennom både verbalspråk og lydeffektar (01:16–01:26). Ikkje lenge etter er det «kø utenfor Hjerteruds bakeri, og hun deler ut boller til alle som vil ha». Her høyrer vi lyden av knitrande papirposar og ein samtale mellom Hjerterud og smeden Stål, som vil ha tre bollar (04:03–04:20). I episode 11 blir vi fortalt at Hjerterud «har pakket mange poser med boller» (01:40–01:46), og i episode 16 er det igjen «lang kø» utanfor bakeriet. Scena startar med at vi høyrer Hjerterud si blide stemme seie «– Værsågod», før forteljaren tar over (05:50–05:55). Vi veit ikkje kven ho snakkar til, og det kan opplevast som om det er lyttaren som skal få smake på bollane.

Lyttarane av podkasten får ikkje tilgang til eit fysisk bilet av Snøfall, slik som er tilfølt med den visuelle framstillinga av byen i tv-serien eller boka. Der ligg bakeriet sentralt plassert med inngang frå torget (Hagerup et al., 2019, s. 30–31). I podkastforteljinga vil

det i større grad vere opp til kvar enkelt lyttar å danne seg eit bilet av byen og plassere dei ulike stadene i forteljinga geografisk i forhold til kvarandre. Eg meiner likevel vi kan tale om eit slags verdiperspektiv, i form av at det som blir nemnt, ofte får ein meir prominent plass i tekstuniverset. Både namnet til Hjerterud og den sentrale plassen bakeriet og bollane hennar har i Snøfall, vitnar om at bollar er noko som blir verdsett høgt. Vi kan få inntrykk av at ho og bakeriet er sjølve hjartet i byen, både i overført tydnad og reint geografisk. Bakeriet har elles eit fast lydbilete med smeden som arbeider i bakgrunnen, og knitreringa av papirposar, noko som gir staden ein auditiv identitet og gjer det enklare for lyttaren å orientere seg.

Den nær uavgrensa tilgangen til bollar fungerer også som ein markør for at livet i Snøfall er noko anna enn den daglege verda. Her er det for eksempel vanleg å ete bollar til frukost, både for vaksne og born, det er lov til å ta mange, og det er lov til å smake på deigen. For Selma er det ikkje kvardagskost med frie reglar, og ho har faktisk aldri baka bollar før. Ruth, som har tatt seg av Selma sidan ho vart foreldrelaus, blir framstilt som ei streng dame som set pris på orden. Ho synest bollar er rotete. Det kjem fram i ein samtale mellom Hjerterud og Selma i episode 7:

– Vil du være med å hjelpe å sette en bolledeig?

Selma har aldri bakt boller. [...] Hun har aldri smakt bolledeig heller. Ruth pleier ikke å bake. [...]

– Dette her skulle Ruth ha sett. [...]

– Hun er ikke så glad i rot.

– Det her er ikke rot, det er bollebaking (11:45–12:27).

Innimellom replikkane høyrer vi klirring og andre bakelydar og Hjerterud og Selma som kjem med små kommentarar. Lydelementa og kommentarane bidrar til å gjere situasjonen levande og meir realistisk (Clark, 2003, s. 18).

At delar av handlinga føregår i ei anna verd med eigne reglar og sin eigen logikk, er eit kjenneteikn ved mykje fantastisk litteratur (Guanio-Uluru, 2018, s. 119). Slik kan vi seie at bollane i *Snøfall* er ein sjangermarkør, men motivet har andre tydnader i tillegg. Van Gennep (1999, s. 84) peikar på «en midlertidig opphevelse av sedvanlige leveregler» som vanleg for liminalfasen, og det er mogleg å kople både bollemotivet i *Snøfall* og delar av fantastikken generelt til ei framstilling av liminalitet. Det særprega i denne samanhengen er at bollane er eit diskusjonstema også blant innbyggjarane i *Snøfall*, dei som er vande med å leve i den fantastiske verda. Dei aller fleste nissane set stor pris på bollane, men karakteren Winter er eit tydeleg unntak. Slik som Ruth i VU synest han bollar er rotete: «Men Winter vil ikke ha boller. Han vil ha orden» (ep. 2, 04:20–04:23). Seinare skal han gå så langt at han innfører bolleforbod i heile byen:

– Hva er det med alle sammen? Er boller det eneste dere tenker på her i *Snøfall*?  
Rydd opp.

Opprørt og sint går Winter. Han har en viktig beskjed til IQ.

– Ny regel: Boller er forbudt. [...] Jeg har fått nok av dem. Det slafses, det smules, det fjertes. Folk gjør ikke en døyt, de bare går rundt og spiser de forbaskede bollene. Jeg skal ha dem vekk (ep. 16, 06:30–07:01).

Før samtaLEN med IQ har Winter blitt møtt med hånleg latter av borna i bollekø. IQ ler hjartegleg, men litt nervøst av forslaget om bolleforbod. Latteren og den opprørte stemma til Winter legg her farge på framstillinga og viser karakterane si innstilling til handlinga. Dei same elementa kan vekke kjensler hos lyttaren og bidra til å forme sympatiar og antipatiar andsynes karakterane (Hutcheon & O'Flynn, 2013, s. 23). Når Winter får nyss om at innbyggjarane i byen ikkje rettar seg etter forboden, kastar han bol-

ledeigen og alt sukkeret til Hjerterud, før han spikrar att bakeriet og krev at det må bli stengt for godt. Bolleforbodet er berre ein av mange reglar Winter prøver å innføre i *Snøfall* – alle med mål om å skape orden og disiplin. Winters hardnakka kamp mot bollane kan lesast som eit humoristisk element i forteljinga, men den sterke motstanden og dei mange og drastiske tiltaka hans for å handheve forbodet bidrar samtidig til å peike på bollane som viktige for handlinga.

Etter innføringa av bolleforbodet får det å vere for eller mot bollar ein utvida tydnad. No inneber haldninga til bollar også å velje side i konflikten om kven som skal vere ny julenis og dermed ny leiar i *Snøfall*. For nokre av karakterane blir det i tillegg eit uttrykk for sivil ulydnad. Hjerterud viser nye sider av seg sjølv når ho blir rasande og trassar bolleforbodet. Lyttaren blir presentert for situasjonen gjennom replikken «– Ååååå! Bolleforbud du liksom» og forankrande lydeffektar av gjenstandar som smell mot underlaget før forteljarstemma understrekar det vi har hørt: «Hjerterud liker ikke det hun hører. Hun kaster fra seg det hun har i hendene. Hun har bestemt seg. Hun *vil* bake boller» (ep. 18, 03:04–03:16). Når Winter kastar deigen og sukkeret hennar, får Hjerterud nye ingrediensar direkte frå bonden Alfred. I ein samtal mellom Hjerterud og Alfred i forkant av dette kjem den utvida tydnaden til bollane eksplisitt til uttrykk. Alvorlege stemmer understrekkar bodskapen, medan dyrelydar og det som truleg er eit mjølkespann, fyller ut miljøskildringa:

– [...] Men du, har du hatt mer besøk av Winter?

– Nei. Han er vel fornøyd nå, når han får satt en endelig stopper for bollene.

– Du vet, vi kan jo ikke ha det sånn.

– Det er jo bare boller.

– Det er vel egentlig mer enn bare det.

Vi kan jo ikke la han fortsette sånn (ep. 22, 01:14–01:37).

Skummel musikk rundar av samtalen og byggjer ei bru til neste scene, der Selma, Pil og Frida står ved inngangen til Mørket. Som antyda i starten av avsnittet blir bollane her sette i samanheng med Winter sitt kuppforsøk og herjinga hans i Snøfall medan Julius er borte. Bollane har altså mange funksjonar. Dei fungerer som eit humoristisk innslag, som sjangermarkør, terskelmarkør og politisk verktøy i form av forbod og protest.

### Mytisk mat og mytiske møte

Hjerterud har fleire karaktertrekk til felles med den litterære typen vi kan kalle «the good mother» (Alston, 2008, s. 117). Ho er mild og god, tar seg av Selma når Julius forsvinn, og gir henne mat og husrom. Dessutan verner ho Selma mot Winter gjennom å invitere seg sjølv med når dei to skal ete middag i lag (ep. 9, 12:26–13:22). Det første møtet mellom Selma og Hjerterud finn stad i kvisthytta i hagen – ein symboltung stad. Hjerterud er bekymra for henne og kjem for å sjå korleis det går: «Hun legger noen poser i en bolle og stenger bakeriet. Hun tror hun vet hvor hun kan finne Selma» (ep. 7, 05:45–05:58). Her får lyttaren berre tilgang til Hjerterud sine tankar og kjensler gjennom forteljaren, men handlinga blir forankra i lyden av ein papirpose, fuglekwitter frå hagen og knitringa frå bålet i kvisthytta. Hjerterud presenterer seg som «en god venn» av Julius og spør om Selma er svolten. Ho har ikkje ete sidan dagen før, og tar imot bollane med glede (06:35–07:10). At Hjerterud oppsøkjer Selma for å trøyste og mate, understrekar posisjonen hennar som den gode mora, men Hjerterud yter omsorg til fleire enn Selma. Bollane gjer henne til heile Snøfall si mor, og vi kan seie at ho fungerer som ei modergudinne i nissekropp.

Matmotivet blir gjerne kopla til både sekualitet og amming (Nikolajeva, 2000; Alston, 2008; Johannessen & Nordahl, 2020), og bollane Hjerterud gir til Selma i kvisthytta, kan samanliknast med morsmjølk. Turner skriv, som nemnt, at symbol henta frå om-

rådet svangerskap og fødsel ofte opptrer i liminalfasen, og vidare at «neofyttene sammenlignes med, eller behandles som fostere, som nyfødte eller som spedbarn» (1999, s. 134). Selma er på ein måte nyfødd, i den forstand at ho nyleg har fått vite at Julius er bestefar hennar, og ho kan derfor leggje frå seg noko av lengten ho har bore på. Dagen før møtte ho Julius i kvisthytta, der dei grilla eple, og han fortalte at han er julenissen (ep. 6, 08:08–08:59). Denne informasjonen har stor tydnad for Selma, fordi ho får vite meir om opphavet sitt. Ho er på leit etter familie, og ho finn det i Snøfall. I forlenginga av lesinga av bollane som morsmjølk kan vi også sjå bollemåltidet i kvisthytta som eit vern mot trugsmålet Selma seinare skal møte der i form av Winter. Han er fylt av Mørke og prøver å truge Selma til å gå ut på vidda igjen. Han kviskrar fram delar av bodskapen sin, og stemma til Selma brest. Lydbiletet består elles av stemningsfull strykemusikk og den kjende knitringa frå bålet i kvisthytta (ep. 12, 11:39–12:00).

Slik som vidda er kvisthytta eit symbol som høyrer liminalfasen til. Turner nemner «hytter og tunneler som på én gang representerer grav og livmor» (1999, s. 136). Nikolajeva utdjudar og viser kompleksiteten i symbolikken når ho skriv at det å gå inn i hytta er eit bilet på å bli eten opp av eit monster, som igjen symboliserer døden (2000, s. 12). Inne i sjølve hytta møter helten ein guide, ofte ei kvinne, og initiasjonen blir markert gjennom eit måltid (s. 213). Dei same biletene – grav, monster, livmor, måltid, guide – er til stades i *Snøfall* som ein variasjon over eit tema.

### Tradisjonell kunnskapsformidling og «happy ending»-bollar

Det er etter at Selma har møtt Hjerterud i kvisthytta ho blir innvigd i kunsten å bake bollar. Denne scena blir også akkompagnert av stemningsfull bakgrunnsmusikk og lydar som forankrar bakinga og skaper eit realistisk uttrykk (ep. 7, 11:45–12:10). Nikolajeva (2000, s. 15) nemner at Progenitrix figu-

rerer i fleire mytar der ho lærer menneska å så eller bake brød. At innføringa i bollebake-kunsten skjer etter møtet i kvisthytta, underbyggjer tolkinga av Hjerterud som moder-gudinne og bollebaking som overgangsrite for Selma. Bollemotivet viser korleis Selma gradvis blir meir sjølvstendig. Først er ho som eit lite barn som treng trøyst og å bli «mata» med bollar i kvisthytta. Seinare får Selma ansvar for å stå i bakeriet når Hjerterud ikkje er til stades: «I bakeriet til Hjerterud er det Selma som deler ut boller. Frida kommer for å hente frokost til Stål. – God dag, min frue! Hva skal det være? – Noen boller til pappa, takk [...]» (ep. 12, 00:27–00:38). Trass i at dei to jentene er jamald-ringar, trer Selma inn i rolla som voksen og kallar Frida «frue». Den spøkefulle tonen vitnar om at det heile kan vere ein barnsleg leik. Likevel er det ein leik med voksenrolla dei begge snart skal ta på seg, og kan lesast som eit uttrykk for eit medvit om at dei står på terskelen til denne rolla.

I siste episode skal Selma ta avskil med Snøfall og med Hjerterud. Ho står utanfor bakeriet og får beskjed om å vente litt: «Hjerterud henter en rød kakeboks og gir den til Selma. – Disse kan du ta med til VU. – Boller! – Og jeg har lagt oppskriften i bunnen, sånn at du ikke skal glemme meg» (ep. 24, 07:27–07:44). Stemninga er lett, trass i at oppbrotet nærmar seg, og stemma avslører at Selma er tydeleg glad for bollane. Nikolajeva (2000, s. 147) skildrar kvinnelege overgangsritar som esoteriske i større grad enn mannlege, og hevdar at dei oftare dreier seg om sykliske enn om lineære rørsler. Dette kan henge saman med personifiseringa av jorda som kvinne og mor og dyrkinga av fruktbarheitsgudinner som ansvarlege for innhausting og fruktbar jord, der årstidene sin syklus er eit sentralt element. Vi har sett korleis karakteren til Hjerterud både kan lesast som ei modergudinne og ein morsfigur for Selma. Ho lærer Selma å bake gjennom tradisjonell kunnskapsformidling, og i dette utdraget stadfestar ho overleveringa av bakeshandverket. Oppskrifter kan i mange høve

kategoriserast som esoterisk kunnskap, og når Selma får oppskrifta på Snøfallbollane med seg, veit vi at ho er innvigd i ein hemmeleg kunst. Det viser også at Selma no er ei sjølvstendig «vaksen» jente som ikkje lenger er avhengig å få mat servert, men som kan bake sjølv.

I tråd med tolkinga av Selma si reise som ein overgangsrite er ho no klar for integrasjonsfasen. Når Selma er tilbake i Haukebakken, gløymer ho ikkje bollane, men deler dei med Ruth og naboane – Kjell og Håkon. Det er duka for happy ending på sjølvaste julaftan, med Snøfall-bollar: «Så ble det julefeiring i antikvariatet med gode naboer. Selma deler ut bollene hun har med seg fra Hjerterud.» Musikken trer i framgrunnen, og gjennom dempa samtale blir det formidla at alle har munnen full av «verdens beste boller» (ep. 24, 13:38–13:56). Stemninga i heimen er heilt annleis enn før reisa til Selma. På rommet der ho tidlegare har vore fylt av lengt etter ein familie, ligg Selma no og sov saman med Ruth. Dei to ligg inntil kvarandre, og Selma smiler når ho tenkjer tilbake på det ho har opplevt, før ho sovnar igjen (16:10–16:36). Podcastversjonen av *Snøfall* sluttar med siste refreg av *Selmas sang*. Songen avsluttar kvar episode, og handlar om å finne tilbake til noko grunnleggjande. Ei stemme kallar på Selma, lovar tilhørsle og omsorg og vil ha henne heim. Når vi hører tekstlinjene «[...] komme heim til meg» og «Snart er du varm / Du kan få sovne i min favn» (Teksum, 2016), med biletet av Selma og Ruth som sov inntil kvarandre, i minnet, blir det tydeleg at sirkeleen er slutta. Selma har funne slektingen ho drøynde om, men ho har også funnelassen sin hos Ruth. Ho har sett verda utanfrå og funne ut at det er inne i «VU» ho hører til.

#### Bulletid og klokketid

Avslutningsvis i analysen vil eg gå tilbake til Ruth og Winter si motførestilling mot bollar og setje denne opplysninga inn i ein større vev av tid og stad. Uavhengig av kvarandre

synest både Winter og Ruth at bollar er rotete. I tillegg er dei begge opptatt av tid, det vil seie klokker og faste tidspunkt. Ein av dei nye reglane Winter forsøkjer å få innført i *Snøfall*, er for eksempel at byen skal ha ei klokke (ep. 16, 07:50–08:04). Tanken om at bollar er lik uorden, er interessant både i eit mytisk perspektiv og eit kjønnsperspektiv. Eg har allereie slått fast at forventninga om å bake rettar seg mot dei kvinnelege karakterane, og trekt trådar mellom syklistid og kvinnelege overgangsritar og mytar. I motsetnad til naturen si sykliske tid kan klokketida seiast å måle minutt, timer og dagar på ein lineær måte. Dersom vi følgjer førestillinga av det lineære som typisk mannleg og det sykliske som typisk kvinneleg (jf. Nikolajeva, 2000, s. 147–148), kan vi tolke det som står på spel i *Snøfall*-universet som ein kamp mellom maskuline og feminine krefter, der Winter (og Ruth) sin harde maktbruk må vike for dei mjuke bollane til Hjerterud.

Som barnelitterært symbol ber bollar i seg både ei tid (syklistisk) og ein stad (heime hos mor). Når Ruth og Selma et bollar i lag på julaftan, veit vi at Selma er heime på ein annan måte enn før reisa til *Snøfall*, og at dei to har blitt ein familie. Bollane både skaper og understrekar den idylliske stemninga. Bakhtin (2006, s. 13) sitt kronotopomgrep uttrykkjer nettopp ei samansmelting av tid og stad. Han identifiserer ei rad ulike kronotopar i og på tvers av romanen si historie, og blant desse får idyllkronotopen ein sentral plass. Ifølgje Bakhtin er idullen kjennteikna av ein syklistisk tidsrytme, det vil seie ein einskap både mellom generasjonar av menneske og mellom menneske og naturen. Han er dessutan knytt til nokre få grunnleggjande område i livet, mellom anna mat, og måltida samlar oftast folk på tvers av generasjonar (s. 144). Det er sentralt at maten er eigenprodusert: «Således er det produkt, man sætter til livs, skabt ved eget arbejde; det er forbundet med billedeerne af produksjonsprosessen, solen, jorden, og regnen er realt til stede i dette produkt [...]» (Bakhtin i dansk omsetting, s. 146). Eit siste trekk eg skal nemne, er at idullen gjer det kvar-

dagslege til noko ekstraordinært: «Strengt taget, kender idyllen ikke til nogen hverdag» (s. 145).

Det er fleire paralleller mellom idullen og bollebaking og -eting i *Snøfall*, både på tekstnivå og sjangernivå. Bollane er laga av «alle si mor», Hjerterud, med ingrediensar ho har fått frå bonden sjølv. Nærleiken til jordbruksamfunnet blir understreka både gjennom verbalspråk og lydeffektar. Slektstemaet, som kjem til uttrykk både på handlingsplanet og gjennom songane i forteljinga, bidrar til å framheve tida sin sykliske karakter. I tillegg samlast fleire generasjoner til bollemåltid, både i *Snøfall* og VU. Trass i at bollane er kvardagsmat for nissane i *Snøfall*, endrar dei også kvardagen på den måten at dei gjer det verdt å leve i han, noko som tydeleg kjem fram gjennom saknet og misnøya som blir uttrykt etter innføringa av bolleforbodet. Krafta til å endre kvardagen kan sjå ut til å vere ein kjernefunksjon for bollemotivet, og er noko som kan undersøkast vidare. Ei slik lesing av bollemotivet femner om alle funksjonane eg har peika på i denne artikkelen, i tillegg til tidegare funn om bollar som kos og løn (Rieber-Mohn, 2018).

Som ein parafrase av sitatet om tilknytinga mellom maten og jorda over kan vi seie at (dei heimebaka) bollane er skapte av mor sine hender og heng tett saman med billetet av mor sin kjærleik og gode omsorgs-evinne. Dette er likevel ein idyll med ei skuggeside, då han i samband med bollemotivet ofte berre er til stades som ein utopi, eller ein mangel som kan avgrense handlingsrommet til barnekarakterane. I scenesettinga av Selma sin overgang frå barn til voksen lener *Snøfall* seg på eit tradisjonelt kjønnssrollemønster og arketypiske karakterar og motsetnader. Guanio-Uluru (2018, s. 121) påpeikar at fantastisk litteratur ofte fungerer etter slike kjende mønster, men at dei same elementa kan brukast til å forhandle og formidle svært ulike verdiar. *Snøfall* viser at bollebaking også kan fungere som eit opprør mot maktmisbruk, og formidlar eit moderne syn på familie.

## Litteraturliste

- Alston, A. (2008). *The Family in English Children's Literature*. Routledge.
- Bakhtin, M. (2006). *Rum, tid & historie – kronotopens former i europæisk litteratur*. (H. H. Jepsen, Overs.). Forlaget Klim.
- Blackford, H. (2009). Recipe for Reciprocity and Repression: The Politics of Cooking and Consumption in Girls' Coming-of-Age Literature. I: K.K. Keeling & S.T. Pollard (red.), *Critical Approaches to Food in Children's Literature* (s. 41–55). Routledge.
- Clark, L. (2003). Speaking pictures: The role of sound and orality in audio presentations of children's picture books. *New Review of Children's Literature and Librarianship*, 9(1), 1–19. <https://doi.org/10.1080/1361454032000232077>
- Gennep, A. van (1999). *Rites de Passage: Overgangsriter*. (E. Ringen, Overs.). Pax Forlag.
- Guanio-Uluru, L. (2018). Fantasylitteratur for barn. I: R.S. Stokke & E.S. Tønnessen (red.), *Møter med barnelitteratur: Introduksjon for lærere* (s. 105–126). Universitetsforlaget.
- Hafstad, I.M. (Produsent) (2020). *Snøfall* [Audio podkast]. NRK. <https://radio.nrk.no/podcast/snøfall>
- Hagerup, H., Hagerup, H. & Gustavsson, A. (ill.). (2019). *Snøfall*. Cappelen Damm.
- Hutcheon, L. & O'Flynn, S. (2013). *A Theory of Adaptation* (2. utg.). Routledge.
- Johannesen, E.H. & Nordahl, J. (2020). Skam, kropp og mat i bildeboka *Mor*. I: H. Dybvik & E. Karlsson (red.), *Fra bordvers til bildebøker: Mat og måltider i barnelitteraturen* (s. 111–132). Fagbokforlaget.
- Keeling, K.K. & Pollard, S.T. (2020). *Table Lands: Food in Children's Literature*. University Press of Mississippi.
- Nikolajeva, M. (2000). *From Mythic to Linear: Time in Children's Literature*. Scarecrow Press.
- Rieber-Mohn, R. (2018). *Mellom Grandis og granola: Mat som sosial markør i litterære framstillingar av familie – eit djupdykk i fire skandinaviske barnebøker* [Masteroppgåve, Høgskulen på Vestlandet]. HVL Open. <https://hvopen.brage.unit.no/hvopen-xmlui/handle/11250/2575443>
- Teksum, S. (2016). Selmas sang. [Song]. På *Snøfall – Sangene og musikken fra NRKs Julekalender*. NRK.
- Turner, V.W. (1999). Midt imellom. Liminalfasen i overgangsriter. I: A. van Gennep. *Rites de Passage: Overgangsriter* (s. 131–145). (E. Ringen, Overs.) (s. 131–145). Pax Forlag.
- Tønnessen, E.S. (2018). Visuelle barneromaner. I: R.S. Stokke & E.S. Tønnessen (red.), *Møter med barnelitteratur: Introduksjon for lærere* (s. 171–194). Universitetsforlaget.
- Waagbø, H. (Produsent) (2016). *Snøfall* [TV-serie]. NRK Super.